



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/146546-8

Dykkar referanse:
14/1855 – 18/2215

Vår dato:
21.03.2018

Merknad til planprogram og varsel om oppstart av områdeplan for Ostereidet i Lindås kommune

Vi viser til mottatt varsel om oppstart av planarbeid for områdeplan for Ostereidet og planprogram for arbeidet. Høyringsfrist er sett til 21.mars 2017.

Om planarbeidet

Planarbeidet skal legge til rette for utvikling av sentrumsområdet på Ostereidet, med mål om å betre bu- og levetilhøva for innbyggjarane. I tillegg skal ein sikre ei god kopling mellom sentrum og skuleområdet. Lokalisering av ny idrettshall er og ein sentral oppgåve.

Hovudtema i planarbeidet:

- Sentrums- og næringsutvikling
- Bustadutvikling
- Skule-, barnehage-, idrett- og kyrkjeområde, med ny idrettshall
- Veg- og trafikktilhøve
- Landbruk-, natur - og friluftsområde
- Ny kopling i nord mellom senterområdet og skule-, barnehage-, idrett- og kyrkjeområde
- Teknisk infrastruktur

Planområdet omfattar eit stort område på Ostereidet, som tek med både skuleområdet og senterområdet. Det er tidlegare varsla oppstart på områdeplan for ein del av same område, Ostereidet sentrum.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Våre tidlegare uttaler

Statens vegvesen har tidlegare kome med innspel til oppstart av planarbeid for Ostereidet sentrum i vårt brev datert 22.04.2015 (vedlagt). Desse innspela vil òg gjelde for planarbeidet som no vert starta.

Planforslag for Ostereidet sentrum var på høyring hausten 2016. I vår uttale til planen datert 03.11.2016 (vedlagt) gav vi ei rekke konkrete innspel som bør liggje til grunn for vegløyningar i områdeplanen. Vi vurderte at våre interesser ikkje er ivaretekne i planen, og rådte til at Fylkesmannen i Hordaland fremja ei generell motsegn. Dette vart gjort i brev frå Fylkesmannen datert 10.01.2017.

I november 2017 var det møte mellom Lindås kommune og Statens vegvesen, der ein diskuterte ulike skisser til vegløyningar for Ostereidet. Det vart semje om kva for ein løysing kommunen skulle jobbe vidare med. Statens vegvesen legg til grunn at dette vert vidareført i det utvida planarbeidet som no vert starta opp.

Statens vegvesen ber om at våre merknader i den tidlegare planprosessen vert teke med vidare. Dette gjeld m.a. følgjande tema:

- Val av vegstandard
- Kryssløyningar, og avstand frå E39 til næraste kryss
- Fortau langs fv. 393 og trafikktryggleik for mjuke trafikantar
- Skilje mellom kollektivterminal og bensinstasjon
- Detaljering av planframlegg og tekniske teikningar
- Anleggsbelte
- Krav om byggjeplan og gjennomføringsavtale for tiltak knytt til riks- og fylkesveg
- Rekkjefølgjekrav, jf. kommuneplanens arealdel

Om kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen

I kapittel 2.3.3 har en omtalt arbeidet med kommunedelplan for E39 gjennom Lindås. Omtalen er ikkje oppdatert i høve fastsett planprogram for E39, vedteke i Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune 19.09.2017. Vi viser til kapittel 7.4 i planprogram for E39.

Det skal utgreiast 3 ulike løysingar ved Ostereide, løysing A3 utan kryss og løysing A2 med halvt kryss og fullt kryss. Trase for alternativa er ikkje fastsett, men hovudlinja vil venteleg liggje på nordsida av dagens E39. Dersom det vert kryss ved Ostereidet, må det påreknast at delar av kryssløyninga kan krevje noke areal på sørsida av dagens E39.

Både alternativ A2 og A3 kan verte plassert med nærføring til Ostereide. Dette vert avklart undervegs i planarbeidet.

Vi ber om at følgjande setning vert endra: *«I planprogrammet er det lagt opp til å vurdere to ulike løysingar for framtidig trasé for E39 ved Ostereidet; alt. A2 med halvt kryss ved Ostereidet og alt. A3 som vil passere nord for Ostereidet og ikkje ha kryssløyning mot Ostereidet senter.»*

Forslag til ny setning:

«I planprogrammet er det lagt opp til å vurdere tre ulike løysingar for framtidig trasé for E39 ved Ostereidet; alt. A2 med enten halvt eller fullt kryss ved Ostereidet og alt. A3 som ikkje har kryssløysing mot Ostereidet senter.»

Kryssløysing med E39

Under omtale av planområdet står det at plangrensa ved kryss med E39 er lagt på nordsida av hovudvegen, sidan planen skal sikre ny kryssløysing. Vi minner om at endring og ny utforming av krysset må skje i tråd med vegnormalene og i samråd med Statens vegvesen. Eventuelle avvik frå vegnormalene må vere godkjent før offentleg ettersyn.

Ein må òg unngå konflikt med eit eventuelt kryss til framtidig E39. Vi føreset tett samarbeid undervegs, for å sikre ei felles løysing.

Kopling mellom Ostereidet sentrum og skule- og idrettsområdet

Lindås kommune skriv i planprogrammet at dei vil leggje til rette for ei ny kopling for mjuke trafikantar mellom Ostereidet sentrum og skule- og idrettsområdet, nord for eksisterande fylkesveg. Statens vegvesen meiner dette vil vere eit godt supplement til eit tilbod langs fylkesveg 393/kommunal veg, spesielt for dei som skal gå mellom dei øvste delane av planområdet.

Trafikktryggleik

Statens vegvesen er opptatt av trygge tilhøve for mjuke trafikantar mellom Ostereidet sentrum og området der skule, kyrkje, idrettsanlegg mm er lokalisert. Vi viser difor til rekkjefølgjekrav i kommuneplanens arealdel § 2.7 og § 2.43 som etter vårt syn er knytt opp til ferdig anlegg.

I kapittel 4.4 Veg og trafikktilhøve skriv kommunen at ein må sikre kostnadsfordeling for nytt vegsystem gjennom rekkjefølgjekrav. I den samheng vil vi påpeike at tryggleiken ikkje er ivareteke før anlegget er ferdig bygd, og utbyggingsavtale utan krav om ferdig anlegg er etter vårt syn ei dårleg løysing i dette tilfellet.

Utvikling av Ostereidet

Statens vegvesen er positiv til at Lindås kommune ønskjer å utvikle ein heilskapleg plan for Ostereidet, slik at kommunen kan styre utviklinga og sikre gode fellesløysingar. Med grunnlag i prognoser for befolknings- og bustadutvikling kan kommunen sikre ei utvikling i bustadtilgangen på Ostereidet som er i tråd med overordna målsetjing.

Vi er òg positiv til at kommunen vil utarbeide ei nærings- og handelsanalyse som skal avklare omfanget av utbygging på Ostereidet.

Vi ønskjer lukke til vidare med planarbeidet, og ser fram til eit godt samarbeid om trafikale løysingar i og ved planområdet.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Vedlegg:
Kopi av vårt brev datert 22.04.2015.
Kopi av vårt framlegg om motsegn datert 03.11.2016.



Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur
Postboks 291
5203 OS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2015/038313-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
22.04.2015

Varsel om oppstart av områdeplan for Ostereidet sentrum - gnr. 234 bnr. 6 / 68 / 77 m. fl. Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 23.03.15 med varsel om oppstart av områdeplan for Ostereidet sentrum, gnr. 234, bnr. 6, 68, 77 m. fl. i Lindås kommune. Varselet om planarbeid gjeld og endring av deler av reguleringsplan for Ostereidet senter – Kristhaugane, Plan id 1263-200101, vedteken 08.05.03.

Planområdet er på om lag 95 daa, og er avgrensa mot E39 i nordvest, område avsett til B2, B3, T1 og T3 i arealdelen til kommuneplanen, samt del av fylkesveg 393 Eidavegen mot aust til kryss med kommunal veg.

Føremålet med planarbeidet for områdeplan for Ostereidet sentrum er kravet i kommuneplanen sin arealdel 2011-2023 § 1.2 om områderegulering av felt T1, T3, B2 og B3. Områdeplanen skal avklare arealbruken innanfor områda og avklare naudsynt areal til infrastruktur som fortau, kollektivtransport og parkering. Det er i tillegg viktig at sentrumsområdet og dei trafikale løysingane vert sett i samanheng med skule, barnehage- og kyrkjeområde for Ostereidet lenger aust.

I arealdelen til kommuneplanen er området sett av til sentrumsområde, framtidig offentleg og privat tenesteyting, noverande bustadområde, framtidig bustadområde og LNF-område. Varselet om oppstart av planarbeidet gjev ikkje detaljerte opplysningar om korleis dei ulike reguleringsføremåla skal plasserast innan for planområdet og på kva måte dette kan verke inn på trafikk-løysingane både i forhold til krysset med riksveg E39 og fylkesveg 393.

Det er tidlegare ved regulering av eit mindre bustadområde vest for Ostereidet senter gjeve løyve til å plassere ein bustad i ein avstand på minimum 20 meter til senterlinja på riksveg E39. Det er seinare utarbeidd ein rammeplanen for handsaming av søknader om dispensasjon frå byggegrenser og avkøyringar til riks- og fylkesvegar der riksveg E39 er definert med svært streng haldning og med krav om 50 meter byggegrense.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Ved utarbeiding av områdeplan for Ostereidet sentrum vurderer Statens vegvesen det slik at det vil kunne leggest til grunn ei byggegrense på minimum 30 meter til senterlinja på riksveg E39 dersom krava i støyforskrifta T-1442/2012 vert oppfylt.

Statens vegvesen vil peike på at det ved utarbeiding av områdeplanen må leggest vekt på å innarbeide gode og trafikksikre løysingar for mjuke trafikantar. I Ostereidet senter er det i dag ein kollektivterminal som det er viktig å kunne utvikle vidare i forhold til dei nye funksjonane som det er aktuelt å legge til rette for i områdeplanen.

Det må vere ein klar føresetnad at ein ved teknisk utforming av trafikkløysingar innanfor planområdet må legge til grunn handbok N100 frå Vegdirektoratet.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
	Marianne Skulstad / 55516253	16/146546-3	14/1855 - 16/25878	03.11.2016

Framlegg om motsegn – Områdereguleringsplan for Ostereide sentrum i Lindås kommune

Vi viser til framlegg til områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum i Lindås kommune, sendt på 1.gangs offentlig ettersyn 22.09.2016. Frist for uttale er sett til 9.november 2016.

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. I denne planen uttaler vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport, deriblant trafikktryggleik, og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

Statens vegvesen vurderer at våre interesser ikkje er ivaretekne i planen slik den ligg føre i planframlegget. Valt vegstandard og den utteikna løysinga er ikkje i samsvar med våre handbøker, og ivaretek ikkje trafikktryggleiken i stor nok grad. Våre motsegn er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst.

Statens vegvesen meiner vidare at detaljeringsgraden i planframlegget er for liten til at utbygginga kan gjennomførast. Statens vegvesen rår til at Fylkesmannen i Hordaland fremjar ei generell motsegn til planen.

Postadresse
Statens vegvesen
506M300003M300009M300190M300197M firmapost@vegvesen.no
Postadresse
Postnummer

Telefon: 02030
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Saksopplysningar:

Planområdet er om lag 90 daa, lokalisert aust i Lindås, i nær tilknytning til E39. Reguleringsplanen legg til rette for utbygging av inntil 214 bustadeiningar ved sentrumsområdet, og om lag 5850 m² nytt næringsareal.

Planframlegget omfattar også vesentleg statleg og fylkeskommunal infrastruktur, mellom anna arm frå E39, kollektivterminal, kryss med fv. 393 og fv. 394, og 450 meter av fv. 393 Eidavegen fram til og med kryss med kommunal del av Eidavegen. Det vert og regulert inn nytt kryss med ny kommunal veg, o_SKV4.

Områdeplan for Ostereidet sentrum er eit offentleg/privat samarbeid som omfattar område T3, B2 og B3 i kommuneplanens arealdel. Ei føresetnad for det offentleg/private samarbeidet, er at områdereguleringsplanen skal utførast så detaljert at utbyggjar kan gå rett på søknad om rammeløyve. Sentrumsområdet skal ses i samanheng med Ostereidet sitt skule-/barnehage-, idrett- og kyrkjeområde lengre aust, og trafikksikre løysingar skal vektleggast.

Føringar for planarbeidet

Både nasjonalt og lokalt er det eit overordna mål om færre alvorlege trafikkuulykker. Statens vegvesen har ein visjon om null hardt skadde eller drepne i vegtrafikken, og trafikktryggleik ligg såleis til grunn i alt arbeidet vi gjer. Vegnormalen (mellom anna N100 Veg- og gateutforming) er heimla i vegloven § 13, og er ei del av det regelverket som skal ivareta slike interesser. Trafikktryggleik og framkomst for alle trafikantgrupper ligg til grunn for dei tekniske krava våre handbøker gir ei oversikt over.

Vår vurdering av planframlegget

Statens vegvesen meiner det er fleire punkt i planen som gjeld trafikktryggleik og utforming av veganlegg som ikkje er tilstrekkeleg avklart gjennom dette planarbeidet. På bakgrunn av dette ser vi det som nødvendig å fremje ei generell motsegn til planen. Vi vil under legge frem nokre viktige døme på manglar som grunngeve motsegna. Lista er ikkje uttømmende då vi meiner vegløyningar i planen må endrast vesentleg, og det er difor ikkje er hensiktsmessig å vurdere alle detaljar.

Val av vegstandard

Ved varsel om oppstart la vi vekt på at ein i planarbeidet må innarbeide gode og trafikksikre løysingar for mjuke trafikantar, og at handbok N100 må liggje til grunn for teknisk utforming av trafikkløyningar. I framlegg til reguleringsplan kan vi ikkje sjå at dette er ivareteke. På fylkesveg 393 har ein ifølge planomtalen lagt til grunn Sa1-vegstandard, som er eigna for samleveg i bustadområder. Etter vårt syn må Sa2 ligge til grunn for fylkesvegen.

I områdereguleringsplaner skal veganlegget vere tilstrekkeleg detaljert til at ein ikkje treng ny detaljregulering før bygging av vegen. Etter førespurnad fekk vi tilsendt vegteikningar. Desse teikningane viser at framlegget ikkje tilfredsstillar Sa1-standard, slik ein skriv i planomtalen. Både Sa1 og Sa2 krev ei horisontalkurvatur på minimum 55 meter, medan fv. 393 er planlagd med horisontalkurver på 25 meter, 37 meter og 15 meter. Vegløyningane

er difor ikkje i tråd med handbok N100. Dersom ein ikkje klarar å oppnå krava i valt dimensjoneringsklasse må det søkast om fråvik, og søknaden må grunngjevast. Fråviksøknad kan sendast til Statens vegvesen, og avgjerast av Hordaland fylkeskommune som er vegmynde. Ved vurdering av fråvik er det normalt å krevje ei risikovurdering.

Tekniske teikningar for reguleringsplan utarbeida i samsvar med Statens vegvesens handbok *R700 Tegningsgrunnlag* og tilpassa omfanget av den aktuelle planen, vil vere eit godt utgangspunkt for våre vurderingar. Vi ynskjer normalt å få teknisk plan til gjennomsyn før reguleringsplaner vert lagt ut til offentleg ettersyn, for å sikre at vegløysingane er omforente. Etter vårt syn skal dei vegtekniske teikningane følgje saksdokumenta når desse vert lagt ut til offentleg ettersyn, slik at dei vert gjord kjent for dei råka av veganlegget.

Kryssutforming

Innkøyring frå o_SKV1 til o_SKV7 ligg for nær opp mot avkøyringa frå E39. Allereie i dag er det farlege situasjonar der store køyretøy på veg ut frå parkeringa står i vegen for køyretøy som svingar av frå europavegen. Med auka bruk gir dette fare for tilbakeblokkering på E39. For å betre dette tilhøvet på krysset flyttast lenger unna enn i dag. Ein kan vurdere å kople det saman med kryss mellom Fv. 393 og fv. 394.

I kryss mellom fv. 393 Eidavegen og den kommunale delen av Eidavegen, er kryssutforminga ulogisk. Her må ein planlegge fylkesvegen som den gjennomgåande vegen, medan den kommunale vegen koplar seg på i svingen. Dette vert same prinsipløysing som i kryss med o_SKV4. Dette betyr at o_SKV2 må forlengast med nedste del av o_SKV3.

Mjuke trafikantar

Statens vegvesen er nøgd med at tilhøva for mjuke trafikantar vert vektlagd i planomtalen. Etter vårt syn er det likevel manglar i vurderingane, som gjer at vi ikkje kan ta stilling til om planen er god nok. I planarbeidet må ein vurdere viktige gangaksar og kor ein kan leggje kryssingspunkt for gåande og syklande, slik at ein er sikra tilstrekkeleg areal på både sider av vegen og gode siktsoner. Vi vil spesielt peike på kryssing av fv. 393 som vert skuleveg for borna i Ostereidet sentrum. Vi kan ikkje sjå at dette er omtalt i planarbeidet.

Normalprofilet for fylkesveg 393, o_SKV2

Figur 38 i planomtalen viser normalprofilet for fv. 393. Statens vegvesen er nøgd med at det er planlagt 3 meter fortau for dei mjuke trafikantane. Vi ber om at vegskuldra på venstre del av figur 38 vert utvida til 0,5 meter, for å gi rom til vegrekkverk mot skråninga/muren nedanfor. Køyrefelta vert utvida til 3 meter ved å endre til vegstandard Sa2.

Gjennomføring av veganlegget

Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen. I område med krevjande grunntilhøve, må det også dokumenterast at det kan byggast veg på den aktuelle staden.

Statens vegvesen er nøgd med at det er regulert inn eit anleggsbelte langsmed fylkesvegen. Vi er kritisk til om den avsette bredda er tilstrekkeleg til å gjennomføre anleggsarbeida, både når det gjeld muring på nedsida av veggen, og inngrep i den høge skjeringa i aust. Det vil vere behov for anleggsveg opp til topp skjering og område for anleggsdrift på toppen. Etter vårt syn må det difor settast av eit breiare anleggsbelte, for å sikre gjennomføring. I planen må ein og sikre riggområde for veganlegget.

I føresegnene bør det innarbeidast krav om at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak.

Fartsgrense

I planomtalen skriv ein at fartsgrensa på fv. 393 er 50 km/t fram til kryss med kommunal del av Eidavegen. Dette er feil. På denne strekka er fartsgrensa 80 km/t, då det er den generelle fartsgrensa utanfor tettbygd strom som er gjeldande. Statens vegvesen meiner likevel at ein kan leggje til grunn 50 km/t i planarbeidet, i samsvar med Sa2-standard, og at ein må redusere fartsgrense i området når området endrar karakter.

Kollektivanlegg

I eit sentrumsområde er det viktig at dei trafikale løysingane som vert valt er gjennomarbeidd og omforente. Det er vanskeleg å regulere ein ny løysing i ettertid. Reguleringsføresegn 1.3.1, 4. kulepunkt, omhandlar plassering av kollektivanlegg, og ber preg av manglande avklaringar med administrasjonen for kollektivtrafikk. Dette er uheldig.

Vi stiller spørsmål ved om dei trafikale problemstillingane ved kollektivløysinga og dei andre trafikkstraumane i same område er vurdert. Det synest uheldig med inn- og utkøyning frå parkeringsområde like framfor busshaldeplassen. Her må ein sikre siktsone som gir tilstrekkeleg sikt for forbikøyning samstundes som bussen står på haldeplassen. Ein må og unngå konflikt mellom innsvingande bil og utkøyrande buss. Køyrande frå parkeringsområdet lengst vest i planområdet får ein uheldig lineføring gjennom terminalområdet. Statens vegvesen meiner at kollektivløysinga bør vurderast på nytt, og at det bør gjerast ei konfliktvurdering.

I føresegn 4.4.1 vert det kravd at busskura skal utformast slik at dei fungerer som støyskjerm mot uteopphaldsareal i føresegnsområde #1. Det går ikkje klart frem kven som skal etablere dette.

Rekkefølgjekrav

I framlegg til reguleringsføresegn er det knytt rekkefølgjekrav til byggetiltaka, men der rekkefølgjekravet vert rekna som oppfylt om ein inngår utbyggingsavtale. Statens vegvesen er negativ til å løyse så viktige krav på denne måten, då trafikktryggleiken ikkje vert ivarettatt før anlegget er ferdigstilt. Etter vårt syn må difor rekkefølgjekrava vere knytt opp mot ferdige tiltak.

Støy

Statens vegvesen har ikkje fått oversendt støyrapport. Vi føresett at kommuneplanens krav til støydokumentasjon og –tiltak vert oppfylt.

Konklusjon

Planframlegget tilfredsstillar ikkje våre interesser når det gjeld trafikktryggleik, og er ikkje tilstrekkeleg detaljert til å sikre gjennomføring. Statens vegvesen fremjar difor motsegn til planen, i lys av vår rolle som fagmynde for trafikktryggleik og framkomst, og som forvaltar av fylkesvegnettet.

Statens vegvesen ber om at ein i det vidare planarbeidet legg til rette for ein dialog som sikrar at dei regulerte løysingane er gjennomarbeidd og gir tilfredsstillande trafikktryggleik for både mjuke trafikantar og køyrande.

Statens vegvesen Region vest
Med helsing

Helge Eidsnes
regionvegsjef

Olav Finne
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune – Samferdsleavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ